



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN
J-177-2003

Søkn.nr.	Dok.nr.
2003/11781	3
Arkiv	40

Bergen, 9.9.2003
ANY/EW

FORSKRIFT OM TILDELING OG DRIFT VED HAVBEITEVERKSEMD (HAVBEITEFORSKRIFTA)

Fastsett av Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet 28.08.2003 i medhald av §§ 6, 7, 10, 17 og 18 i lov 21. desember 2000 nr. 118 om havbeite og §§ 16 og 17 i lov 13. juni 1997 nr. 54 om tiltak mot sykdom hos fisk og andre akvatiske dyr (fiskesykdomsloven).

Kapittel I Innleiande føresegner

§ 1 Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å medverke til at havbeite kan få ei balansert og bærekraftig utvikling og bli ei lønsam kystnæring, samt å førebyggje, avgrense og utrydde smittsam sjukdom hjå akvatiske dyr.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld utsetting og gjenfangst av krepsdyr, blautdyr og pigghuder i næringsføremål (havbeite) samt smitteførebygging ved slik verksemd.

§ 3 Definisjonar

I denne forskrifta meiner ein med:

- akvakulturverksemd: verksemd der ein driv med oppdrett eller havbeite eller på annan måte held akvatiske dyr i kultur.
- hausting: systematisk gjenfangst av eit utsett av havbeitedyr. Fjerning av dyr i samband med prøveuttak, kontroll, røkting m.v. er ikkje å sjå på som hausting.
- lokalitet: eit geografisk avgrensa område nærare fastsett i løyve, der innehavar av løyve har



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

eksklusiv rett til utsett og gjenfangst av den utsette arten.

- d) Fiskeristyresmaktene: Fiskeridirektoratet eller den Fiskeridirektoratet gjev mynde etter forskrifta.

Kapittel II Tildeling og retildeling

§ 4 Tildelingsmynde

Fiskeristyresmaktene kan etter søknad tildele løyve til havbeite og særskilt løyve til føring og andre tiltak.

§ 5 Særlege avgrensingar ved tildeling

Fiskeridepartementet kan avgrense talet på tildelte løyve nasjonalt, regionalt og lokalt, for å sikre at havbeitenæringa får ei forsiktig utvikling med omsyn til konsekvensar for miljø, utøving av allemannsrett og andre næringsinteresser.

Løyve til havbeite skal tildelast etter koordinerte sakshandsamingsrundar. Fiskeridepartementet fastset kor mange slike rundar som er naudsynt per år.

§ 6 Søknad om løyve

Fiskeristyresmaktene kan krevje dei opplysningar frå søkjaren som dei finn naudsynt for å handsame søknaden.

Søknad skal fyllast ut på skjema fastsett av fiskeristyresmaktene. Søknad etter denne føresegna skal fyllast ut i fem eksemplar som skal sendast til fiskeristyresmaktene.

Søknad kan sendast i berre eitt eksemplar dersom både søknad og vedlegg er i A-4-format og verken søknad eller vedlegg inneheld dokument med fargar. Slik søknad kan òg sendast elektronisk.

Søkjaren skal etter tilvisning frå kommunen syte for at beskriving av art og lokalisering av den omsøkte verksemda vert kunngjort i Norsk Lysningsblad og i to aviser som er fast lesne i området.

Søknaden skal mellom anna innehalde:

- a) Kvittering for betalt sakshandsamingsgebyr, jf. § 34.
- b) Investerings- og finansieringsplan.
- c) Kartkoordinatar for dei omsøkte lokalitetane samt kart kor desse er teikna inn.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

- d) Opplysningar om i kva for utstrekning søkjar ynskjer å gjennomføre tiltak før og i driftsfasen med tanke på å klargjere lokaliteten.
- e) Plan for opprydding ved avslutning av verksemda.
- f) Opplysningar om den planlagde drifta, her medrekna driftsplan, tilgang på havbeitedyr for utsett m.v.
- g) Miljøtilhøve, her medrekna dokumentasjon av opphavet til havbeitedyra og dokumentasjon av miljøtilstanden på omsøkte lokalitetar, jf. § 7 andre og tredje ledd.
- h) Opplysningar om lokaliteten, her medrekna planstatus for lokaliteten, avstand til vassdrag, verneområder, andre lokalitetar og anna akvakulturverksemd samt tilhøvet til allemannsretten m.v.
- i) Opplysningar om i kva grad omsøkt drift vil kunne komme i konflikt med andre brukarinteresser i området.

§ 7 Ufråvikelege vilkår

Løyve kan ikkje bli gjeve dersom det er fare for skadelege verknader på miljø, medrekna fare for skade på det biologiske mangfaldet, økosystema eller spreiding av sjukdomar.

Løyve kan berre gjevast til utsett av havbeitedyr som er stadeigne.

Søkjar skal kunne dokumentere miljøtilstanden på lokaliteten.

§ 8 Andre vilkår for tildeling

Ved tildeling skal ein leggje stor vekt på samfunnsmessige nytte- og skadeverknader av tiltaket, her medrekna:

- a) I kva grad den omsøkte verksemda vil vere med å realisere det potensialet som ligg i havbeitenæringa.
- b) planlagd økonomisk verksemd søkjaren har i regionen, medrekna integrasjon med anna næringsverksemd til dømes ved samarbeid med andre næringsdrivande.
- c) I kva grad den omsøkte verksemda vil avgrense utøving av allemannsretten i området, særleg med omsyn til tradisjonelt fiske, andre næringsinteresser og fritidsaktivitetar

§ 9 Økonomisk garanti

Fiskeristyresmaktene kan krevje at søkjar stiller fullgod økonomisk garanti for at gjenoppretting som nemnt i § 31 vert gjennomført.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

§ 10 Særskilt løyve til føring og andre tiltak

Føring av havbeitedyr og andre tiltak i samband med verksemda kan berre skje etter løyve frå fiskeristyresmaktene. Det må søkjast særskilt om slikt løyve. Søknaden skal sendast i to

eksemplar, eventuelt elektronisk. Ved tildeling av særskilt løyve til føring og andre tiltak skal sjukdomsfaglege og miljømessige tilhøve tilleggjast vesentleg vekt.

§ 11 Tidsavgrensing av løyvet

Løyve til havbeite skal gjevast for ein nærare fastsett periode. Søknad om forlenging av løyve må sendast seinast 6 månader før løyvet går ut.

§ 12 Krav til lokalitet

Ein havbeitelokalitet skal vere eit nærare avgrensa geografisk område definert av kartkoordinatar. Storleiken på lokalitetane vert fastsett i det enkelte løyve.

§ 13 Overføring og retildeling

Løyve til havbeite kan ikkje overførast. Løyve kan likevel pantsetjast. Pantsetjinga får rettsvern ved tinglysing i lausøyreregisteret.

Ved opning av konkurs hos innehavar av eit havbeiteløyve skal regionkontora trekkje tilbake løyve, jf. havbeitelova § 9 fyrste ledd.

Fiskeristyresmaktene kan gje konkursbuet løyve til mellombels drift av konkursdebitors havbeiteverksemd for inntil eitt år. Fiskeristyresmaktene pliktar å handsame fullstendig søknad om mellombels drift utan ugrunna opphald.

Fiskeristyresmaktene skal etter søknad retildele løyve til den konkursbuet innstiller på såframt denne oppfyller vilkåra gitt i eller i medhald av havbeitelova.

Kapittel III Etablering og drift.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

§ 14 Allmenne krav til etablering og drift

Havbeiteverksemda skal etablerast og drivast i samsvar med dei krava som går fram av løyvet, gjeldande regelverk og elles på ein slik måte at verksemda er teknisk, helsemessig, dyrevernmessig og miljømessig forsvarleg.

§ 15 Kompetanse

Den som er ansvarleg for dagleg drift ved havbeiteverksemd skal ha naudsynte faglege kvalifikasjonar.

§ 16 Driftsplan

Innehavar av løyve skal syte for at det vert utarbeidd driftsplan for havbeiteverksemda.

Kvart år innan 1. oktober skal innehavar av løyve levere inn driftsplan til vedkomande regionkontor til fiskeristyresmaktene. Planen skal gjere greie for drifta dei to neste kalendaråra.

Driftsplanen for det fyrste året skal godkjennast av fiskeristyresmaktene etter samråd med Statens dyrehelsetilsyn – fylkesveterinæren.

Av planen må minimum gå fram:

- opphav til dyr og kor mange dyr som skal setjast ut, tidspunkt for utsett, kva for ein lokalitet eller lokalitetar eller delar av lokalitet det skal setjast ut på
- eventuelle nye delområde av den godkjende lokaliteten som skal takast i bruk det neste året
- planlagt tidspunkt, metodar og omfang av gjenfangst av havbeitedyr
- planlagde tiltak i samband med sjukdomsutbrot, til dømes brakklegging av lokaliteten
- planlagt bruk av eventuelle anlegg og innretningar, og eventuelt vedlikehald av desse
- planlagde tiltak i samband med predator kontroll
- eventuelle planar om føring og andre tiltak etter særskilt søknad jf. § 10.

Fiskeristyresmaktene kan etter søknad godkjenne vesentlege endringar i planen.

§ 17 Melding om driftsoppstart og -stopp.

Innehavar av løyve skal sende melding til fiskeristyresmaktene ved driftsoppstart. Det skal óg sendast melding når drifta vert stoppa.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

§ 18 Tilsynsplikt

Innehavar av løyve skal ha jamnleg tilsyn med verksemda. Nærare reglar om dette kan fastsetjast i kvart enkelt løyve.

§ 19 Måleplikt

Fiskeristyresmaktene kan fastsetje i det enkelte løyve at innehavar av løyve skal utføre målingar av den utsette arten. Det nærare innhaldet av måleplikta (kor ofte det skal målast, omfang, m.v.) skal gå fram av løyvet.

§ 20 Journalføring

Innehavar av løyve skal, ved heile tida å føre driftsjournal, kunne dokumentere å ha systematisk oversikt over havbeiteverksemda.

Journalen skal oppbevarast hos innehavar av løyve i minst 5 år, og kan krevjast framlagt av dei styresmaktene som er tillagt mynde etter denne forskrifta.

Journalen skal innehalde:

- a) Ved kvart enkelt utsett: art, tal, opphav, alder og storleik på dei utsette dyra, tidspunkt for utsetjing, kor i lokaliteten dei vert utsett og gjennomsnittsvekt.
- b) Haustingstidspunkt, haustingskvantum og oppteke kvantum sjuke/daude individ.
- c) Handsaming og levering av daude individ, handsamingsmåte, kvantum levert, tidspunkt for levering og mottakar. Dersom det er gjeve løyve til fôring: fôrtype (tørrfôr og våtfôr/mjukfôr), forbruk av fôr, fôrmjøltype, fôrprodusent og fôrmerke.
- d) Helsestatus på havbeitedyra
- e) Eventuell bruk av legemiddel og kjemikaliar
- f) Tiltak mot predatorar.
- g) Brakklegging som ein følgje av sjukdom, jf. § 24 andre ledd i forskrifta.
- h) Resultat av evt. målingar etter § 19, medrekna tettleik, jf. § 25.
- i) Inspeksjonstidspunkt, frekvens og omfang
- j) Miljødokumentasjon
- k) Eventuelle andre journalføringspliktige tilhøve som går fram av løyvet.

Kvantumsopplysningane skal spesifiserast på tal individ og samla vekt i kg.

Fiskeristyresmaktene kan gjennom enkeltvedtak gje pålegg om at også andre forhold skal journalførast.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

§ 21 Rapporteringsplikt ved sjukdom

Når det er grunn til å tru at det er åtak eller fare for åtak av smittsam sjukdom på akvatiske dyr, skal Statens dyrehelsetilsyn – distriktsveterinæren varslast. Plikt til å varsle ligg til alle som har ansvar for akvatiske dyr. Andre har òg plikt til å varsle med mindre det framstår som klårt unødig.

Alle skal på førespurnad frå Statens dyrehelsetilsyn – distriktsveterinæren gje opplysningar som er vesentlege for førebygging og motverking av sjukdom.

§ 22 Tettleik av havbeitedyr

Statens dyrehelsetilsyn - fylkesveterinæren kan treffe vedtak om maksimal tettleik på havbeitelokaliteten.

§ 23 Uttak av avlsmateriale til bruk i akvakulturverksemd

For å motarbeide sjukdom og smittefare kan Statens dyrehelsetilsyn - fylkesveterinæren gjennom enkeltvedtak fastsetje nærare føresegner om uttak av avlsmateriale frå havbeitedyr til bruk i akvakulturverksemd, under dette føresegner om drifta ved slike havbeitelokalitetar.

§ 24 Førebygging og motverking av sjukdom

Når det er påvist eller ligg føre mistanke om smittsam sjukdom i havbeiteverksemd, kan Statens dyrehelsetilsyn – fylkesveterinæren gi pålegg om naudsynte tiltak, under dette avliving og destruksjon.

Ved påvist sjukdom kan Statens dyrehelsetilsyn – fylkesveterinæren påleggje brakklegging.

§ 25 Omsetting og flytting av havbeitedyr

Statens dyrehelsetilsyn –fylkesveterinæren kan gje løyve og fastsetje vilkår for omsetting og flytting av havbeitedyr.

§ 26 Merking av havbeitedyr

Fiskeristyresmaktene kan i det enkelte løyvet fastsetje krav om merking av havbeitedyr før utsetjing eller i samband med hausting.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

§ 27 Anlegg og innretningar.

Etablering og bruk av anlegg og innretningar på havbotnen kan berre skje i den grad det går fram av løyvet. Slike anlegg og innretningar må formast ut og plasserast slik at dei ikkje utgjer noko trugsmål mot miljøet, jf. § 7 fyrste ledd.

§ 28 Merking av lokalitet

Fiskeristyresmaktene kan påleggje merking av havbeitelokalitet og godkjenne merking etter søknad frå innehavar av løyvet.

Kapittel IV Bruk og utnytting av lokalitet

§ 29 Gjenfangst

Innehavar av løyve til havbeite har einerett til gjenfangst av den utsette arten i lokaliteten. Gjenfangsten skal skje på ein slik måte at den er minst mogeleg til skade for ville bestandar. Bruk av botnskrape og botntrål er forbode.

Innehavar av løyve til havbeite har ikkje einerett til gjenfangst i lokaliteten før havbeitedyr er sett ut.

Det kan fastsetjast nærare reglar i løyvet om gjenfangst av den utsette arten og fangst av predatorar i lokaliteten uavhengig av anna fiskerilovgjeving.

§ 30 Anna bruk og utnytting

Aktivitetar i lokaliteten som kan skade dyra eller hindre gjenfangsten av den utsette arten er ikkje tillate.

Fylgjande aktivitetar er i alle høve forbodne i lokaliteten dersom dei ikkje er ein del av havbeiteverksemda: garn, landnot, ringnot, ruse, teine og skjellskrape.

Fiskeristyresmaktene kan ved vedtak dispensere frå forboda i andre ledd dersom desse aktivitetane i ein skilde tilfelle likevel ikkje kan skade dyra eller hindre gjenfangsten av den utsette arten.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

Kapittel V Tilbaketrekking og avvikling

§ 31 Oppryddingsplikt

Den som driv havbeiteverksemd pliktar så langt det er råd å gjenopprette miljøtilstanden i området ved avslutting av verksemda, medrekna å fange inn att dei utsette havbeitedyra. Anlegg og innretningar må fjernast ved avslutting av verksemda. Fiskeristyresmaktene kan setje nærare frist for oppryddinga.

§ 32 Tilbaketrekking og endring

Eit løyve kan bli endra eller trekt attende i samsvar med havbeitelova § 9.

Kapittel VI Avsluttande føresegner

§ 33 Tvangsmulkt, iverksetting, inndraging og straff

Ved brot på regla i denne forskrifta gjeld §§ 14, 15, 16 og 19 i lov 21. desember 2000 nr. 118 om havbeite og §§ 27, 28, 29 og 30 i lov 13. juni 1997 nr. 54 om tiltak mot sykdom hos fisk og andre akvatiske dyr.

§ 34 Gebyr

For handsaming av søknad etter §§ 10 og 13 tredje ledd skal det ikkje betalast gebyr.

For handsaming av andre søknader etter denne forskrifta skal søkjar betale eit gebyr, jf. forskrift av 21. desember 2001 nr. 1597 om innkrevning av gebyrer til statskassen for offentlige oppgaver i forbindelse med oppdretts- og havbeitevirksomhet. Manglande innbetaling av gebyr medfører at søknaden ikkje vert handsama.

§ 35 Utøvande mynde for dei ulike føresegnene

Fiskeridepartementet handhevar føresegna i § 5. Fiskeristyresmaktene handhevar føresegnene i §§ 1, 2, 4 til 20, 26 til 32, 33, 34 og 36 fyrste ledd.

Statens dyrehelsetilsyn – Sentralforvaltninga, eller den det gjev mynde, handhever føresegnene i §§ 20 til 25, 33 og 36 andre ledd.



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Boks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
Telex 42 151 * Telefax 55 23 80 90 * Tlf. 55 23 80 00

§ 36 Dispensasjon

Fiskeristyresmaktene kan i særlege høve gjere unntak frå føresegnene nemnt i § 35 første ledd.

Statens dyrehelsetilsyn - Sentralforvaltninga, eller den det gjev mynde, kan i særlege høve gjere unntak frå føresegnene nemnt i § 35 andre ledd.

§ 37 Ikraftsetjing.

Denne forskrift tek til å gjelde straks.
